

Er ein til verdi komen

- 1) Er du til verdi komen, møter du sut aa strev
kjem under denne domen: Ta mot det verdi gjev
- 2) Vil du i verdi finna, gaavor so gagn i er
Vil du dei aller vinna, faar du 'kje gjevaren kjær
- 3) Vil du i verdi fikta, tenk paa ditt fædreland
alt so er norskt aa egta, det maa du kjempa fram
- 4) Vil du i verdi væra, elska fyregongsman
Faar du mykje aa gjera, sjaa baate att aa fram
- 5) Vil du i verdi kjempa, for noko stort aa godt
lyt du deg stundom lempa, tola hæding aa spott
- 6) Vil du i verdi løysa, knuta aa strakke band
faar du baa' bera aa røysa, streva aa slita deg fram
- 7) Vil du i verdi vinna, det som er godt, ja so
maa du 'kje verta sinna, elska det fram med ro
- 8) Vil du hugneleg leva, aa glade dagr sjaa
maa du dit hjarta gjeva, til Gud, so vert det raad
- 9) Utan Gud vert det illa, um du so keisar er
Upp i tøv aa i villa, da vonda med deg fær
- 10) Vil du dauda i æra, maa du leva med Gud
tru mot fædreland væra, gla vil du anda ut